




Samhandling og rusomsorg



i Hjartdal kommune

Innhold

INNLEIING	2
ANSVARSAVKLARING	2
HJARTDAL KOMMUNE OG NAV	2
ANDRE AKTØRER	3
FORMÅL	3
LOVGRUNNLAG	3
RUTINAR FOR SAMHANDLING	3
KVEN GJØR KVA?	4
BRUKAR.....	4
PÅRØRANDE.....	4
NAV.....	4
FASTLEGE	4
PSYKISK HELSE	4
HEIMETENESTA.....	4
HELSESTASJON	4
BARNEHAGE	5
SKULE.....	5
BARNEVERNET.....	5
POLITIET	5
ALLE.....	5
TENESTEBESKRIVELSAR	5
ØKONOMISK STØNAD.....	5
NØDVENDIG HELSEHJELP	5
STØTTEKONTAKT/AKTIVITETSKONTAKT	5
BURETTLEIER.....	5
PRAKTISK HJELP	6

Innleiing

Sosialkontora i kommunane har tidlegare hatt ansvar for tenester retta mot rusavhengige. Etter NAV reforma har systemet endra seg. NAV kontoret skal vere eit samarbeid mellom stat og kommune. Brukarane skal oppleve NAV og kommune som eitt kontor. Det er no opp til kommunane korleis dei vil organisere tenestene tidlegare underlagte sosialkontora.

Oppgåvene i samband meg rustiltak/omsorg i Hjartdal kommune er delte der NAV har ansvar for å gi økonomisk sosialhjelp til rusavhengige og å delta på ansvarsgruppemøter og helse, omsorg og rehabiliterings enheter i kommunen gir praktisk hjelp i form av bl.a. samtaler, tilvisingar og støttekontakt er lagd til kommunen. NAV kan bidra med råd og veiledning for at brukere og pårørende kan komme i kontakt med de instansene som har henvisningsmulighet.

Denne handboka skal fungere som eit verktøy i den daglege arbeidde for dei som har kontakt med rusmiddelavhengige og/eller deira pårørende.

Kontakt informasjon:

NAV Hjartdal: tlf. 35 11 44 40

Hjartdal kommune – www.hjartdal.kommune.no

*Psyisk helse tlf. 35 02 80 57

*Heimetjestene tlf. 35 02 80 71

Ansvarsavklaring

Hjartdal kommune og NAV

Kommunen har i følge sosialtenestelova og kommunehelsetenestelova ansvar for å hjelpe den einskilde rusmiddelavhengige gjennom råd, rettleiing og eller å skaffe eigna behandlingssjans. Etter sosialtenestelova har kommunen også ansvar for naudsynt oppfølging i bustad, oppfølging på økonomi, tilrettelegging av jobb/aktivitet og hjelpetiltak i samarbeid med den rusmiddelavhengige.

På tilsvarande måte skal det også gjevast råd, rettleiing og hjelp til vedkomandes familie.

Kommunen har vidare ansvar for å vurdere bruk av tvangsheimel i høve rusmiddelavhengige der omfattande misbruk sett eiga helsa i fare eller gravide som utsett fosteret for fare.

Bekymringsmeldingar frå hjelpeapparatet eller frå pårørende om omfattande misbruk skal undersøkjast og vurderast i høve til bruk av tvang.

Kva kan du forvente av oss?

- Vårt samarbeid med deg byggjer på respekt for deg og livssituasjonen din.
- Vi respekterer sjølvstendet ditt, og utarbeider planar og tiltak i samarbeid med deg.
- Vi varetek teieplikta.

Andre aktører

Ulike offentlege instansar som skule, barnehage, helsetenesta og politiet har gjennom deira lovgjevnad plikt til å være merksame på tilhøve som kan føre til tiltak frå barnevernet. Når det er grunn til å tru at eit barn er utsett for alvorleg omsorgssvikt skal personalet utan hinder av teieplikta melde frå til barnevernet.

Formål

Rutinar for samhandling rundt rusmiddelavhengige og pårørende i Hjartdal kommune skal:

- Sikre at rusmiddelavhengige og deira pårørende opplever eit heilskapleg tenestetilbod og unngå at brukarane blir ”kasteballar” i systemet.
- Skildre (beskrive) ansvarsfordelinga og samarbeidsområda mellom NAV, dei ulike kommunale tenestene og spesialisthelsetenesta.

Lovgrunnlag

- LOV 1982-11-19 nr 66: Lov om helsetenesta i kommunane. (Kommunehelselova) <http://lovdata.no/all/hl-19821119-066.html>
- LOV 1991-12-13 nr 81: Lov om sosiale tenester m.v. (Sosialtenestelova) <http://lovdata.no/all/hl-19911213-081.html>
- LOV 1999-07-02 nr 62: Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (Psykisk helsevernloven) <http://lovdata.no/all/hl-19990702-062.html>
- LOV 1999-07-02 nr 63: Lov om pasientrettigheter (Pasientrettighetslova) <http://lovdata.no/all/hl-19990702-063.html>
- FOR 2004-12-23 nr 1837: Forskrift om individuell plan etter helselovgjevnaden og sosialtenestelova <http://lovdata.no/for/sf/ho/xo-20041223-1837.html>

Rutinar for samhandling

Henvendelser kan komme frå mange instansar. Kontaktpunktet er NAV som har godt kjennskap til systemet og kan knytte henvendelsen til riktig tjenesteområde. Slik unngår man kasteball-problematikken.



NAV har en overordna koordinerende rolle og er primærkontaktpunkt for brukerne eller pårørende som trenger hjelp i forbindelse med rusproblematikken. NAV kan bidra med sin kompetanse og henvise videre til eventuelle andre som kan hjelpe.

Kven gjør kva?

Brukar

Det er viktig at brukaren er ein aktiv medspelar med støtte frå dei andre aktørar. Det er brukaren som skal stå i sentrum. Det er brukaren sjølv som er ofte best egna til å finne de beste langvarige løysingar.

Kva forventas av brukaren?

- Du gir nødvendige opplysningar, eventuelt gir samtykke til å innhente relevant informasjon.
- Du deltek aktivt i å nå dei måla vi saman er komne fram til.
- Du heldar inngåtte avtalar og seier i frå dersom du ikkje kan halde dei.

Pårørande

Pårørande er en viktig ressurs i en behandlingsforløp og vil ofte ha mange roller. Det er viktig at pårørande blir kurset, veiledet og støttet. Som hovudregel er det aldri god praksis å unnlate pårørande i en behandlingsprosess.

NAV

NAV mottar henvendelser og formidlar til riktig teneste. I tillegg har NAV ansvar for økonomiske stønadsordningar, økonomisk rådgjeving, økonomistyring og hjelp til å behalde eller skaffe bustad.

NAV kan, etter ei arbeidsevnevurdering utforme eit tilpassa opplegg for einskildpersonar gjennom kvalifiseringsprogrammet eller attføring.

Fastlege

Fastlege har ansvar for den medisinske behandlinga av rusmiddelavhengige, har samtaler, tek blod- eller urinprøvar som kontrolltiltak og henvisar til spesialistbehandling. Fastlege kan også være deltager i ansvarsgruppe.

Psykisk helse

Psykisk helse utfører støttesamtalar med rusmiddelavhengige og pårørande, koordinerer ansvarsgrupper og individuell plan, tilbyr kurs og veiledning og gjev oppfølging i heimen.

Heimetenesta

Heimetenesta kjem inn med heimehjelp og/eller heimesjukepleie som blant anna gir hjelp til administrering av medisin.

Helsestasjon

Dersom ungdomshelsesystemer avdekkjer eit rusmiddelproblem hjå ungdom bør dei oppmodast til å taka problemet opp med fastlegen eller NAV. Føresette kan med ungdomens samtykke kontaktast.

Barnehage

Dersom barnehagen/skulen har mistanke om rusmiddelmissbruk eller andre problem hjå dei føresette som gjer at dei ikkje kan taka vare på barna sine i tilstrekkeleg grad, skal melding til barnevernet vurderast.

Skule

Dersom skulen har mistanke om rusmiddelavhengighet hjå ungdom bør dette i fyrste omgang takast opp med dei føresette.

Barnevernet

Barnevernet skal etter å ha mottatt ein bekymringsmelding vurdere omsorgssituasjonen til det einskilde barnet og evt. setje i gang hjelpetiltak.

Barnevernet kan oppmode føresette til å søkje hjelp for rusmiddelavhengighet hjå fastlegen eller på NAV.

Politiet

Politiet gjennomfører bekymringssamtaler med føresette, barnevern og andre om barn/unge som ”flørtar” med rusmiddel. Politiet sender bekymringsmelding til barnevernet om føresette blir tatt for straffbare handlingar.

Alle

Ved mistanke om sviktande omsorgsevne hjå føresette, skal melding til barnevernet vurderast.

Tenestebeskrivelsar

Økonomisk stønad

NAV kan yte individuelt tilpassa økonomisk stønad. Ta kontakt med NAV for informasjon om stønadordningar som kan dekkje behova dine eller sjå www.nav.no

Nødvendig helsehjelp

Heimesjukepleia skal yte nødvendig helsehjelp. Nøyaktig kva du har krav på er avhengig av eit medisinsk skjøn. Du har for eksempel alltid krav på øyeblikkelig hjelp. Eit anna eksempel kan vere hjelp til å ta viktige medisinar. Det er heimesjukepleia i kommunen som har ansvar for dette.

Støttekontakt/aktivitetskontakt

Brukarar som på grunn av alder, funksjonsnedsetjing eller sosiale problem og som treng hjelp for å kunne ha ei aktiv og meiningsfull fritid kan søkje aktivitetskontakt gjennom kommunen. Ta kontakt med NAV lokalt eller kontakte kommunen ved psykisk helse.

Burettleier

Kommunen har ingen burettleier, men i visse situasjonar kan heimetenesta yte kortvarig og avgrensa hjelp til burettleing.

Praktisk hjelp

Brukarar som har behov for hjelp til dagliglivet sitt gjeremål kan søkje om dette gjennom kommunen si heimeteneste. Eksempel av praktisk hjelp kan vere hjelp til:

- Matlaging/ernæring
- Reingjering
- Personlege hyggjene